

## **Saksprosess og studentanes retter**

Gjennom fleire år har Studentorganisasjonen i Agder (STA) erfart ein mangel i oppfølginga av studentar som ein del av ulike saksprosessar ved Universitetet i Agder (UiA). Dette gjeld saksprosessar initiert både av universitetet og av studentar sjølv. Dette har blitt meir synleg den siste tida, men er ikkje avgrensa til nyare tid. STA kan sjå at denne problematikken både gjeld sentralt på UiA, og på fakultets/avdelingsnivå.

Når ei sak blir oppretta skal studenten bli informert om dette av ein saksbehandlar. Etter at studenten får denne beskjeden, opplevast både oppfølginga og moglegheita for kontakt med saksbehandlar som lite tilgjengelege for studenten. Dette fører til at studentar ikkje får den innsikta i saka si som dei har rett på, og ønske om. Derfor ønsker STA at det skal bli oppnemnt ein kontaktperson for alle studentar involvert i saksbehandling ved UiA. Denne kontaktpersonen skal sikre auka tilgang på informasjon om saksprosessen.

Det siste året har saksbehandlingssystemet vore hardt pressa. Dette har ført til lengre ventetid på ei avgjersle i sakane og enda mindre tilgjengelege saksbehandlarar. Dette er eit teikn på at systemet ikkje er robust nok. Studentane skal ikkje lid med forlenga ventetid og dårleg informasjon på grunn av universitetets ressursmangel.

Universitetet ventar at studentar skal leve opp til strenge tidsfristar på alle områdar, også når det er snakk om klagefristar. Dersom studenten ikkje følger tidsfrista mistar studenten retten til å få saka si behandla. Det same er ikkje høvet når det er studenten som ventar på svar frå universitetet. Tida frå ei sak blir oppretta til ho blir avslutta er veldig belastande for studenten. Ho blir og opplevd som stressande, og kan ha store konsekvensar både fagleg, psykisk og økonomisk for studenten. Desse ulempene vil kunne bli forsterka dersom saksbehandlinga blir unødig forlenga. Det er viktig at saksbehandlinga ikkje er så uklar og krevande for studentane at det gjeng ut over studier, helse eller økonomi for den involverte studenten.

Med bakgrunn i dette ber Studentorganisasjonen i Agder UiA om at:

- Studentar sine sakar skal bli behandla ifølge lover og forskrifter, uavhengig av ressursomstende ved universitetet.
- Studentar skal få tilstrekkeleg og god innsikt i eigne saker, og god oppfølging frå universitetet.
- Studentane skal få ein tydeleg kontaktperson knytta til saka.
- Informasjon om kva ein student har rett på i saksgongen skal vere lett tilgjengeleg og tydeleg beskrive.
- Universitetet aktivt skal førebyggja negative konsekvensar av forsinka saksbehandling så råke studenten. Om saksframgangen eller utviding av fristar føre til negative konsekvensar for studenten, skal dette informerast om.

*Vedteke av Studentparlamentet 24.02.21*